

Alver Kommune  
ved Tone Furustol

Deres ref.: 20/14494 – 20/66149

### **Trong for tilleggsdokumentasjon -Støy ved industriområdet Mangerøy Kjebogen**

Vi minner innleiingsvis om den grunnleggjande føresegna i saka at vi leverer straum til fartøy ved kai og det er såleis *alltid* i vår eiga interesse å få tilkoplinga gjort så snart som mogleg etter anløp og at den varer så lenge som råd er.

På denne måten er vår eigeninteresse i tråd med vilkåra som er lagt til grunn i reguleringsplanen, noko som naturlegvis forsterkar vårt arbeid med å overhalde vilkåra.

#### **1. Tilkoplingstid til landstraum.**

Vi ser det er referert frå Alver Kommune til at Bergen Havn opplyser at dei koplar til fartøy til landstraum på ca. 30 min. Vi har for lite opplysningar om denne referansen til å vite om dette kan samanliknast med våre hamneforhold.

Eit skip som skal ligge ved kai ei stund må køyre ned systema sine før det slår av motorane, og dette tar lengre tid enn om t.d. ein snøggbåt ligg til kai i Bergen mellom anløp/avgang. På grunnlag av at vi leverer straum så søkjer naturlegvis vi å redusere riggtida mest mogleg.

Tiltak frå vår side er planlegging, trening av personell samt kommunikasjon med skipet.

#### **2. Årsak for at motor går nokre dagar før avgangstidspunkt.**

Igjen, samanlikning med Bergen Havn er ikkje nødvendigvis relevant. Det er skilnad på ein båt som går i rute til og frå Bergen Havn, og ein som ligg i opplag ved vårt anlegg for å ta ytterpunkta av tilfelle. Det er heller ikkje slik at ved alle tilfelle så går motoren nokre dagar før avgang. Slik gangtid kan vere i gang køyring/utsjekk/feilsøk av tekniske system.

#### **3. Kapasitet på landstraum**

Vi har hatt 3 skip inne samstundes, desse hadde eit samla behov på ca. 700kW, noko som er godt innanfor vår leveringskapasitet.


## Aktivitet i høve til føresetnad i støyfagleg vurdering

Mangerøy Kjevogen er som kjent nyleg etablert med industrikai som byggjetrinn #1 for vårt framtidige produksjonsanlegg. Det er lagt ned betydelege investeringar her for å skape arbeidsplassar.

I klage til Alver kommune vert det opplyst om meir aktivitet og lengre anløpstider enn det Sewco har lagt inn i sine berekningar utan at dette er dokumentert.

Selskapet er i tråd med støyfagleg vurdering da det stemmer at antal anløp er 1-2 gonger i månaden til Mangerøy Kjevogen der kvart anløp varar i 12-24 timar. Dette må ikkje forvekslast med skip som ligger i opplag over lengre tid på landstraum og som overheld føresetnaden i plan/Støyfagleg vurdering.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to be 'Lasse Ståløy', with a long horizontal line extending to the right.

Lasse Ståløy  
Dagleg Leiar